

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår dato: 27.09.2021  
Vår ref.: 200703769-201  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## **Dønnesfjord Vindpark AS - Oversending av klage på utsett frist for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fatta den 10.06.2021 vedtak om utsett frist for idriftsetting for Dønnesfjord vindkraftverk i Hasvik kommune i Troms og Finnmark fylke. Fristen for idriftsetting vart utvida med eit år, frå 31.12.2021 til 31.12.2022.

NVE har mottatt ein klage på vedtaket. NVE har handsama klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikkje sjå at klagen som tas til handsaming på vårt vedtak om utsett frist for idriftsetting for Dønnesfjord vindkraftverk gir grunnlag for å endra vedtaket. Klagen vert derfor sendt over til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd.

### **1. Bakgrunn for saken**

Dønnesfjord Vindpark AS har endeleg konsesjon i medhald av energiloven for å bygga og driva Dønnesfjord vindkraftverk i Hasvik kommune. NVE gav konsesjon til prosjektet i vedtak av 23.05.2012, og OED stadfesta konsesjonen i vedtak av 12.12.2013.<sup>1 2</sup>

I anleggskonsesjon for Dønnesfjord vindkraftverk av 12.12.2013 vart det satt frist for idriftsetting av anlegget innan 01.01.2020. NVE har i etterkant handsama fleire søknadar om utsett frist for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk.

NVE innvilga den 20.12.2019 eit års utsett frist for idriftsetting frå 01.01.2020 til 01.01.2021 med bakgrunn i forseinkingar som følgje av ein ekspropriasjon.<sup>3</sup> Den 28.09.2020 innvilga NVE eit års utsett frist for idriftsetting frå 01.01.2021 til 31.12.2021 på bakgrunn av uventa hendingar som store snømengder, stengte vegar og reiserestriksjonar i samband med Covid-19 pandemien.<sup>4</sup>

<sup>1</sup> NVE ref. 200703769-107

<sup>2</sup> NVE ref. 200703769-122

<sup>3</sup> NVE ref. 200703769-159

<sup>4</sup> NVE ref. 200703769-167

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



NVE godkjente MTA og detaljplan for vindkraftverket den 07.09.2018, og bygginga av vindkraftverket starta sumaren 2019.<sup>5 6</sup>

Den 22.03.2021 fekk NVE ein søknad frå Dønnesfjord Vindkraft AS om eit års utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2021 til 31.12.2022.<sup>7</sup> NVE godkjente utsettinga i vedtak av 10.06.2021.<sup>8</sup> Dette vedtaket er påklaga og klagen blir handsama under.

NVE kan oppheva eller endra vedtak dersom vi finner klagen grunnngjeven, alternativt oversende klager på våre vedtak til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd (jf. forvaltningsloven. § 33).

NVE kommenterer berre nye forhold som omhandlar forhold knyta til utsett frist for idriftsetting og som ikkje er vurdert av oss i tidlegare vedtak.

## 2. Klagen

Det kom inn ein klage på vedtaket av 16.06.2021. Klagen er sendt inn av Forum for natur og friluftsliv Finnmark (FNF Finnmark) på vegne av Miraculix, Sør-Varanger Sopp og Nyttvekstforening, DNT Alta og Omegn turlag, DNT Hammerfest turlag, Naturvernforbundet Finnmark, Norges Jeger- og Fiskerforbund Finnmark, Norsk Ornitologisk Foreining avd. Finnmark og FNF Finnmark. Klagaren blir heretter forkorta til FNF Finnmark.

### 2.1. Motpartens vurdering av klagen

Dønnesfjord Vindkraft AS fekk oversendt klagen for kommentar den 02.07.2021, og valde å ikkje kommentera klagen.

### 2.2. Klagepunkt og NVEs vurderingar

#### 2.2.1. Klage på sakshandsaming

FNF Finnmark klagar på at NVE i vedtaket har lagt til grunn informasjon frå konsesjonæren og latt konsesjonæren kommentera dei andre høyringsinnspela. Dei meiner konsesjonæren er inhabil og at NVE bryt forvaltningslova § 6 om habilitetskrav ved å la konsesjonæren delta i sakshandsaminga av sitt eige vindkraftverk.

FNF Finnmark klagar vidare på at NVE let vera å vurdere to av høyringsinnspela deira.

Det første høyringsinnspelet er at eit vedtak skal baserast på kunnskapsgrunnlaget ved vedtakstidspunktet. Dei skriv at eit vedtak om utsett frist for idriftsetting er ei omgjerding av konsesjonen og at ei konsekvensutgreiinga frå 2010 ikkje dannar eit gyldig grunnlag for å endra konsesjonen.

Det andre høyringsinnspelet er at Stortingets vedtak 799 av 19.06.2020 må sjåast i samanheng med Stortingsmelding 29 (2019-2020) som streka under at det er behov for å leggja større vekt på natur, landskap, friluftsliv og kulturmiljø enn det har vært gjort i tidlegare konsesjonshandsamingar.

#### *NVEs vurdering*

---

<sup>5</sup> NVE ref. 201835544-4

<sup>6</sup> NVE ref. 200703769-187

<sup>7</sup> NVE ref. 200703769-170

<sup>8</sup> NVE ref. 200703769-189



FNF Finnmark meiner NVE har brote forvaltningslova § 6, ved at konsesjonæren har deltatt aktivt i sakshandsaminga. Forvaltningslova § 6 omhandlar ulike forhold som gjer offentlege tenestepersonar inhabile til å leggja til rette for eller treffa avgjerder i ei forvaltningssak.

NVE viser til at det er vanlig prosedyre at ein tiltakshavar kommenterer høyringsinnspel. Dette har ingen samband med habilitetskrava i forvaltningslova § 6. NVE kan ikkje sjå at forvaltningslova § 6 er broten ved at konsesjonær har sendt inn relevant informasjon og kommentert på høyringsinnspel.

FNF Finnmark klagar på at NVE har basert seg på konsekvensutgreiingar frå 2010, og meiner at desse utgreiingane ikkje er eit godt nok grunnlag for å endra konsesjonen. Dei klagar også på NVE sin vektlegging, og meiner at NVE burde lagt større vekt på natur, landskap, friluftsliv og kulturmiljø.

Vindkraftverkets påverknad på miljø og samfunn vart vurdert i NVEs konsesjonsvedtak av 23.05.2012. I vedtaket av 10.06.2021 vurderte vi forhold knyta til utsett frist for idriftsetting og ein utvida byggeperiode. Dei fleste fysiske terrenginngrepa i forbindelse med utbygginga er gjennomført, og søknaden om endring inneber ingen andre endringar enn ein forlenga byggeperiode. Det var difor vår vurdering at ei utvida frist på eit år ikkje ville føra til endra forhold for natur, landskap, friluftsliv eller kulturmiljø samanlikna med det som NVE ga konsesjon til i 2012. Vi la til grunn at ein utvida byggeperiode på eit år kunne føra til ulemper for reindrifta.

I tillegg til dei endra verknadane av utsett frist, meiner NVE at det kan vere relevant å leggje vekt på eventuelle store negative endringar som følgje av eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verknadar av vindkraftverket som har kome i etterkant av konsesjonsvedtaket i 2013 og godkjenninga av detaljplan i 2018. NVE kan ikkje sjå at kunnskapsgrunnlaget er endra i ein slik grad at det gir grunn for å avslå søknaden om utsett frist.

### *2.2.2. Klage på utsett frist for idriftsetting*

FNF Finnmark meiner det er ein sakshandsamingsfeil av NVE å leggja større vekt på Prop. 1 S (2020-2021) enn Stortingets vedtak 799 av 19.06.2020.

FNF Finnmark er kritiske til dokumentasjonen som konsesjonær har lagt fram for å forklara behovet for å be om eit års utsett frist for idriftsetting. Dei skriv at eit vedtak skal vera basert på fakta, synfaring frå myndigheitene, eigne undersøkingar og oppfølging, ikkje berre skjønnsvurderingar av forhold som er angitt av konsesjonæren. Dei stiller også spørsmålsteikn til om e-postar frå turbinleverandøren om forseinkingar er tilstrekkeleg.

#### *NVEs vurdering*

FNF Finnmark klagar på at NVE i vedtak om utsett frist for idriftsetting har lagt større vekt på Prop. 1 S (2020-2021) enn Stortingets vedtak 799. I Stortingets vedtak 799 av 19.06.2020 står det:

*«Stortinget ber regjeringen innanfor gjeldende regelverk ikke gi forlenget frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon».*

I Prop. 1 S (2020-2021) står det:

*«Departementet kan vanskelig se at det er forvaltningsrettslig adgang til å avslå en søknad om fristforlengelse der et vindkraftanlegg er under bygging med sikte på realisering innen 31. desember 2021, og på grunn av «force majeure» eller andre forhold utenfor konsesjonærens kontroll blir forsinket»*

Vi har i vedtaket av 10.06.2021 greia ut om NVEs praksis for handsaming av søknadar om utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk på land, og vurderingar knyta til Dønnesfjord vindkraftverk. NVE har ikkje



sett bort frå Stortingets vedtak 799 av 19.06.2020. Etter vår vurdering er imidlertid den nevnte uttala frå Prop. 1 S ei presisering frå Olje- og energidepartementet for korleis dei tolker vedtak 799. NVE meiner det ikkje er sakleg grunn til å sjå bort frå denne presiseringa. NVE meiner forseinkinga grunna covid-19-situasjonen har ført til ein force majeure-situasjon som er utanfor konsesjonærens kontroll.

FNF Finnmark er kritiske til dokumentasjonen som ligg til grunn for søknaden. NVE legg til grunn all relevant informasjon som er tilgjengeleg når vi fattar eit vedtak. I denne saken bestod informasjonen av ein søknad om utsett frist for idriftsetting frå konsesjonæren, seks høyringsinnspel, kommentarar frå konsesjonæren til høyringsinnspela og ein statusrapport om utbygginga frå konsesjonæren. I tillegg er den opphavlege konsekvensutgreiinga og MTA og detaljplan eit grunnlag for NVEs handsaming. Statusrapporten frå konsesjonæren var etter vår vurdering tilstrekkeleg fotodokumentasjon til å slå fast at internvegar var bygga og at alle turbinfundament var tilnærma ferdige. NVE vurderte den samla informasjonen som tilstrekkeleg til å fatta eit vedtak.

### *2.2.3. Klage på forhold til naturmangfald*

FNF Finnmark klagar på at NVE ikkje anerkjenner at kunnskapsgrunnlaget om effekten vindturbinar har på naturmangfald, samt moglegheiter for avbøtande tiltak, har auka sidan 2013. Dei skriv at dei i sitt høyringsinnspel viste til forskning som er gjennomført på Smøla. Vidare skriv dei at regelverket rundt vindkraftverk og naturmangfald er blitt skjerpa sidan konsesjonen vart gitt i 2013. Dei klagar vidare på at deira innspel om INON-området ikkje vart vurdert av NVE.

#### *NVEs vurdering*

NVE vurderte innspela som FNF Finnmark sendte inn i høyringsinnspelet sitt. Vi vurderte at endringane som følgje av ein utsett frist for idriftsetting på eit år ikkje ville føra til endra verknadar for fugl eller INON-områder samanstilt med det som tidlegare er gitt konsesjon. NVE kan ikkje sjå at det er så store endringar i kunnskapsgrunnlaget om eventuelle verknadar av Dønnesfjord vindkraftverk at det er grunn til å sette nye vilkår om naturmangfald.

## **3. Konklusjon**

NVE kan ikkje sjå at klagen på vårt vedtak om utsett frist for idriftsetting gir grunnlag for å endra vedtaket om utvida frist for idriftsetting. Klagen oversendes derfor til Olje- og energidepartementet for endelig avgjørelse, jf. fvl. § 33.

Alle sakens dokumenter blir gjort tilgjengelege for departementet gjennom internettløysinga SeDok.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Kopi til:

DØNNESFJORD VINDPARK AS  
Forum for Natur og Friluftsliv Finnmark